Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Rundskriv
7/12

Postadresse: Postboks 8140 Dep.
NO-0033 Oslo, Norway
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00
Telefaks: +47 24 13 10 05
E-post: postmottak@slf.dep.no
Internett: www.slf.dep.no

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA
Bankkonto: 7694 05 02280

Fylkesmennene
Kommunane

Kontaktperson: For kommunen: Fylkesmannen
For fylkesmannen: SLF v/ Seksjon direkte tilskudd

Vår dato: 06.02.2012
Vår referanse:
Rundskrivet erstatter:
Vedlegg: 1
Kopi til: LMD, NB, NBS

# Utbetaling av produksjonstilskot i jordbruket etter søknad med frist 20.8.2011

Utbetaling av tilskot etter søknad med frist 20. august 2011 skjer onsdag 8. februar. Søkjarane vil normalt ha pengane på konto innan fredag 10. februar. Statens landbruksforvaltning vil òg informere om utbetalinga på www.slf.dep.no.

Enkelte søknadar må kommunen vurdere nærmare før vedtak vert fatta. For meir informasjon om slike søknader og søknader som er avslått, sjå nedanfor under kapitla 5 og 6. I samband med handsaming av klager syner vi til rettleiinga i rundskriv 20/11 (kommentarar til forskrifta) og 21/11 (sakshandsaming).

Denne utbetalinga omfattar :

- arealtilskot
- kulturlandskapstilskot
- omleggingstilskot til økologisk landbruk
- arealtilskot til økologisk landbruk
- tilskot til dyr på utmarksbeite
- tilskot til dyr på beite
- tilskot til husdyr
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Det vert samstundes utbetalt kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til dei føretaka som deltek i tiltaket ’Friskere geiter’, sjå kapittel 4 for meir informasjon om dette.

# Innhald


**1. VEDTAK OG UTBETALING ... 3**

**2. SATSAR OG UTREKNINGSREGLAR ... 3**

2.1. TILSKOT TIL HUSDYR ... 3
2.2. TILSKOT TIL DYR PÅ BEITE ... 4
2.3. DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON ... 5
2.4. DRIFTSTILSKOT TIL SPESIALISERT KJØTTFEPRODUKSJON ... 5
2.5. AREAL- OG KULTURLANDSKAPSTILSKOT ... 5
2.6. TILSKOT TIL ØKOLOGISK LANDBRUK ... 6

**3. REDUKSJONAR I TILSKOT ... 6**

**4. UTBETALING AV VEDERLAG TIL FØRETAK SOM DELTEK I PROSJEKTET 'FRISKERE GEITER' ... 7**

**5. SØKNADER SOM ER AVSLÅTT OG AVVIST ... 8**

**6. SØKNADER SOM ER STOPPA ... 9**

**7. TREKK I UTBETALINGAR ... 9**

7.1 PT880 GJENSTÅENDE TREKK SLF/SKJEMA ... 9
7.2 PT883 INNMELDTE TREKK ... 9
7.3 PT886 GJENSTÅENDE TREKK, MOTREKNINGAR/SKATT/MVA/UTLEGG ... 9
7.4 HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FOR FØRETAK SOM OGSÅ HAR SØKT OM TILSKOT TIL REGIONALT MILJØPROGRAM ... 10

**8. UTBETALINGAR ETTER SENTRAL UTBETALING (MANUELLE UTBETALINGAR) ... 10**

8.1 RUTINE FOR MANUELLE UTBETALINGAR ... 10
8.2 HJELPEUTREKNING ... 10
8.3 KØYRING AV MANUELLE UTBETALINGAR ... 11

# 1. Vedtak og utbetaling

Alle søkjarar skal få eit skriftleg svar med vedtak i saka. Kopi av alle tilskotsbreva i kommunen, liste PT-2230, er å finne i WESPA. Sjå òg lista som viser utbetalt beløp, PT-5040. Tilskotsbreva er sendt til den adressa som føretaket har i Einingsregisteret.

Pengane vert ført over til den kontoen som er oppgjeve i søknaden eller til ny konto i fall forvaltninga har fått melding om dette. Dersom søkjaren har endra konto etter at søknaden vart sendt inn, men gløymt å gje melding til forvaltninga, vil beløpet bli betalt til kontoen som er ført opp på søknaden. Bankane har ulik praksis til korleis dette vert handsama. I nokre tilfelle vil banken overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, og i andre tilfelle vert beløpet returnert til Statens landbruksforvaltning. I slike situasjonar vil vi ikkje gjere ei ny utbetaling av tilskot før pengane er returnert til oss, og søkjar har gjeve *skriftleg* melding om nytt kontonummer. Be søkjarane bruke skjema for endring av kontonummer (SLF-056). Dette skjemaet er på www.slf.dep.no.

# 2. Satsar og utrekningsreglar

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for august-omgangen 2011. Endelege satsar er like dei førebelse satsane i jordbruksavtala. Sjå òg rettleiingsheftet om produksjonstilskot i jordbruket for søknadsomgangane 20. august 2011 og 20. januar 2012.

Alle reglar for utmåling av produksjonstilskot er å finne i kapittel 7 i jordbruksavtala 2011-2012.

## 2.1. Tilskot til husdyr

Etter jordbruksavtala 2011-2012 er det største årlege beløpet for tilskot til husdyr for kvart føretak 275 000 kroner. Dette gjeld alle føretak, også samdrifter i mjølkeproduksjon. Ved utbetaling av tilskot til husdyr etter søknad pr. 1. januar 2012 vert tilskotet avgrensa slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2011 og januaromgangen 2012 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje skal reknast inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For ein del føretak må ammekyr vere av minst 50% kjøttferase før det kan bli gjeve tilskot som ammeku. Dette gjeld føretak:

- som driv både kumjølkproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- der eigar/medeigar av føretaket også er deltakar i samdrift i kumjølkproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom som er eigd heilt eller dels av deltakar i samdrift med kumjølkproduksjon
- som driv storfekjøttproduksjon på eigedom der anna føretak driv produksjon av kumjølk

Kva raser som er godkjende som kjøttferase går fram av rundskriv 20/11 kapittel 7.8. Sjå òg rettleiingsheftet, kapittel 3.6.

| *Dyreslag* | *Intervall* | *Sats i kr/dyr* [1] |
|---|---|---|
| *Mjølkeku* | 1-16 | 1984 |
| | 17-25 | 1006 |
| | 26-50 | 400 |
| *Ammeku* | 1-25 | 2040 |
| | 26-50 | 835 |
| *Storfe* | 1-250 | 400 |
| *Mjølkegeit og mjølkesau*[2] | 1-125 | 660 |
| | 126-250 | 256 |
| *Avlsgris* | | |
| *- Sør-Noreg*[3] | 1-35 | 382 |
| *-Jæren*[4] | 1-35 | 307 |
| *- Nord-Noreg* | 1-35 | 526 |
| *Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser* | | |
| *- Sør-Noreg* | 1-1 000 | 5 |
| *- Nord-Noreg* | 1-1 000 | 12 |
| *- landet* | 1 001-5 000 | 5 |
| *Bikubar* [5] | 1-250 | 300 |

## 2.2. Tilskot til dyr på beite

| **Utmarksbeitetilskot** *Dyreslag* | | *Sone* | *Minimum tal veker på beite* | *Sats i kr pr dyr* |
|---|---|---|---|---|
| *Kyr, storfe, hestar* | Alle dyr | Alle | 5 | 360 |
| *Sauer, lam, geiter og kje* | Alle dyr | Alle | 5 | 125 |
| **Beitetilskot** *Dyreslag* | | | | |
| *Kyr, storfe, hjort, hest og lama* | Alle dyr | 1-4 | 16 | 415 |
| *Kyr, storfe, hjort, hest og lama* | Alle dyr | 5-7 | 12 | 415 |
| *Sau, lam, geit, kje og alpakka* | Alle dyr | 1-4 | 16 | 60 |
| *Sau, lam, geit, kje og alpakka* | Alle dyr | 5-7 | 12 | 60 |

Tilskot til dyr på beite kan berre bli gjeve for dei dyra føretaket disponerte 31. juli.

[1] Satsen er 0 kr/dyr utafor dei intervalla som er med i tabellen

[2] Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka vert nytta som råstoff ved lokal foredling

[3] Unntatt Jæren, se fotnote 4.

[4] Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

[5] For å ha rett på tilskot må føretaket ha eit driftsomfang på minst 25 kubar.

## 2.3. Driftstilskot til mjølkeproduksjon

| | *5 kyr eller meir pr. føretak, kr/føretak* | *4 kyr pr. føretak, kr/føretak* | *3 kyr pr. føretak, kr/føretak* | *2 kyr pr. føretak, kr/føretak* | *1 ku pr. føretak, kr/føretak* |
|---|---|---|---|---|---|
| *Kumjølk, Jæren*[6] | 53 000 | 42 400 | 31 800 | 21 200 | 10 600 |
| *Kumjølk, rest Sør-Noreg* | 55 500 | 44 400 | 33 300 | 22 200 | 11 100 |
| *Kumjølk, Nord-Noreg* | 58 500 | 46 800 | 35 100 | 23 400 | 11 700 |
| | | *Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak* | | *Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit* | |
| *Geitmjølk* | | 58 500 | | 2 166 | |

## 2.4. Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Tilskot er 1 170 kr pr. ammeku, rekna frå første ammeku, for føretak med 6 til 49 ammekyr, og 58 500 kr pr. føretak for føretak med 50 eller fleire ammekyr.

## 2.5. Areal- og kulturlandskapstilskot

Satsar kulturlandskapstilskot:

| | ***Intervall*** | ***Sone - Sats i kr/ daa*** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | ***Dekar*** | ***1*** | ***2*** | ***3*** | ***4*** | ***5*** | ***6*** | ***7*** |
| *Kulturlandskapstilskot* | *Alt areal* | 191 | | | | | | |

Satsar arealtilskot:

| ***Vekst*** | ***Intervall*** | ***Sone - Sats i kr/ daa*** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | ***Dekar*** | ***1*** | ***2*** | ***3*** | ***4*** | ***5*** | ***6*** | ***7*** |
| *Grovfôr* | *0-250* | 90 | 0 | 124 | | 233 | 261 | 291 |
| *Grovfôr* | *Over 250* | 65 | 0 | 75 | | | | 291 |
| *Korn* | *0-800* | 123 | 175 | | 246 | | | |
| *Korn* | *Over 800* | 102 | 152 | | 221 | | | |
| *Potet* | *Alt areal* | 65 | | | | | 915 | |
| *Grønsaker* | *0-80* | 450 | | | | | 1550 | |
| *Frukt* | *0-40* | 800 | | | | 1 250 | | |
| *Bær* | *0-40* | 800 | | | | 1 250 | | |

Merk at den maskinelle avkortinga av grovfôrareal i enkelte høve er noko streng. Føretak som driv mjølkeproduksjon i samdrift kan få areal- og kulturlandskapstilskot for grovfôrareal som vert beita av samdrifta sine dyr (søknad merka med kode 31). Ved den maskinelle utrekninga av tilskot vert det utrekna tilskot for innmarksbeiteareal (kode 212 i søknad). I enkelte høve vert anna grovfôrareal (kode 210 eller 211 i søknad) avkorta fordi det ikkje er seld så mykje fôr at søkjer har rett på tilskot for heile arealet. Om anna grovfôrareal er nytta som beite for samdrifta sine dyr, har søkjar òg rett på tilskot for dette arealet, sjølv om dei maskinelle rutinane ikkje får dette med i utrekninga av tilskot. Dette må da skje ved ei manuell handsaming i ettertid av hovudutbetalinga.

Arealtilskotet vert rekna ut etter den sona arealet er i. For grovfôr, korn, grønsaker, frukt og bær er det ulik sats etter kor stort areal føretaket har av veksten. Tilskot vert rekna ut etter kor stor del av arealet av aktuell vekst som er i kvar sone.

[6] Gjelder kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

I vedlegg til rundskrivet er det gjeve eit døme på utrekning av tilskot til grovfôrareal der arealet er fordelt på fleire soner, samt døme på utrekning av areal i tilfelle der grovfôrarealet er avgrensa.

## 2.6. Tilskot til økologisk landbruk

| ***Vekst Dyreslag*** | ***Omleggingstilskot, kr pr. daa per år*** | ***Arealtilskot, kr pr. daa per år*** | ***Tilskot til økologisk husdyrproduksjon, kr pr. dyr[1]*** | |
|---|---|---|---|---|
| | | | ***AK-sone 1-4*** | ***AK-sone 5-7*** |
| *Grønsakar, frukt og bær* | 250 | 1 000 | | |
| *Poteter* | 250 | 500 | | |
| *Korn til modning og krossing* | 250 | 300 | | |
| *Ekstra arealtilskot, kornkampanje (855)* | | 100 | | |
| *Grøngjødning* | 250 | 500[2] | | |
| *Innmarksbeite [3]* | 0 | 50 | | |
| *Anna areal som vert dyrka økologisk* | 250 | 50 | | |
| *Mjølkeku* | | | 1 000 | 1 126 |
| *Ammeku* | | | 632 | 820 |
| *Andre storfe* | | | 167 | 235 |
| *Mjølkegeit* | | | 67 | 77 |
| *Avlsgris* | | | 167 | 167 |

[1]Tilskotet vert gjeve frå og med første søknadsomgangen etter at omlegging startar

[2] Arealtilskot for inntil 50 % av areal til korn, potet, grønsaker, frukt og bær. I tillegg vert det gjeve 191 kr/daa i kulturlandskapstilskot for økologiske grøngjødningsareal, slik at samla tilskot til grøngjødningsareal er 691 kr/daa

[3] Arealet skal normerast med faktor 0,6

For å medverke til rask omlegging og auke i produksjonen av økologisk korn er det etablert ein tidsavgrensa kampanje i 2011 og 2012. I samband med kampanjen vert det gjeve eit tilskot på inntil 100 kr per daa utover ordinære tilskot, avgrensa til desse to åra . Satsen på økologisk korn kode 855 er på dette grunnlaget auka med 100 kr til 400 kr.

For å ha rett på tilskot til økologisk landbruk, må føretaket vera innmeldt i kontrollordninga for økologisk produksjon (Debio), og produksjonen må vera godkjent som 'under omlegging til økologisk drift' (karens) eller 'lagt om til økologisk drift'. **Debio fører tilsyn med at reglane i forskrift om økologisk produksjon og merking av økologiske landbruksprodukt og næringsmiddel vert fylgt av føretaka. Kommunen godkjenner areal og tal på dyr søkjar kan få tilskot for.**

For nærare omtale av ordningane , sjå Jordbruksavtala kapittel 7.10 , samt rundskriv 20/11 kapitla 5.1 og 7.7 og rundskriv 21/11 kapittel 4.8.

# 3. Reduksjonar i tilskot

Jordbruksavtala har reglar om reduksjonar i produksjonstilskotet, jf. Jordbruksavtala 2011-2012 kapittel 7.1.2. Det vert trekt eit botnfrådrag, 3 000 kr pr. føretak pr. år, og så langt det er mogleg vert botnfrådraget trekt ved utbetalinga i februar.

Føretak som ikkje har miljøplan får tilskotet redusert slik:

| Areal daa | Trekk |
|---|---|
| ≤ 250 | 8 000 |
| 251 - 500 | 12 000 |
| > 500 | 18 000 |

Avgrensing i produksjonstilskotet på grunn av manglande eller mangelfull miljøplan skjer på grunnlag av arealet i søknaden. Hugs å sjå om eit føretak har stort nok spreieareal til den husdyrproduksjonen føretaket driv. Dersom husdyrproduksjonen har eit omfang som krev større spreieareal enn det arealet føretaket disponerer, skal avgrensing av produksjonstilskotet skje på grunnlag av det arealet som er naudsynt som spreieareal. Søknader med lite areal i høve til dyr, er merka med varselkode 306 i inputkontrollen (sjå rapport PT-1001C). Lista PT-1040 syner alle føretak som ikkje har miljøplan og kva beløp som er utrekna som trekk, jf. forskrift om miljøplan.

Eventuell rest av botnfrådrag og trekk grunna manglande miljøplan vert trekt ved utbetalinga i juni.

Minste beløp som vert utbetalt er kr 300.

Ved den sentrale utbetalinga, vil det bli sett i verk trekk for søknader som er levert for seint med 1000 kr pr. vyrkedag frå og med 23. august. Søknader som er levert 21. september eller seinare skal verte avvist, med mindre føretaket etter særskilt søknad har fått dispensasjon frå søknadsfristen. Kommunane og fylkesmennene må sørgje for at dette blir sett i verk òg ved utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar).

*Bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av tilskot*

Jordbruksavtala for 2011-2012 har fastsett at føretak med driftssenter i kommunane som er omfatta av ”Pilotprosjektet for bruk av Husdyrregisteret ved utmåling av produksjonstilskot ” skal få redusert tilskotet med 500 kr per dyr i avvik mellom talet på storfe i produksjonstilskotssøknaden og i Husdyrregisteret.

På grunn av tekniske utfordringar har søkjarane hatt avgrensa høve og tid til å få gjort rettingar. Derfor har partane i Jordbruksavtala 2011-2012, Landbruks- og matdepartementet og Norges Bondelag blitt samde om at det ikkje skal gjennomførast slik reduksjon i produksjonstilskotet for søknadsomgangen august 2011.

Det er lagt til grunn at for søknadsomgangen i januar 2012 og seinare søknadsomgangar skal reglane i Jordbruksavtala om slik reduksjon følgjast som avtalt.

## 4. Utbetaling av vederlag til føretak som deltek i prosjektet ’Friskere geiter’

Deltakarar i prosjektet ”Friskere geiter” skal føre opp det tall dyr føretaket disponerer på registreringsdatoen i søknaden om produksjonstilskot.

Fylkesmannen kan fatte vedtak om at føretak har rett på kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot og avløysartilskot ved ferie og fritid, jamfør jordbruksavtala 2011-2012. Grunnlaget for vedtak er opplysningane frå kontrakten føretaket har med prosjektet ”Friskere geiter”. Føretak som disponerer færre tall dyr på registreringsdatoen, enn det som er oppgjeve i kontrakten, kan ha rett på kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot og avløysartilskot ved ferie og fritid.

Utbetaling av kompensasjonen skjer manuelt via "hurtigregistreringsrutina" i Saturn. Fylka dette gjeld får tilsendt meir informasjon i samband med hovudutbetalinga.

## 5. Søknader som er avslått og avvist

Søknader med feilmelding (jf. lista PT-1003)

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*

636 *Søknaden er avslått, foretaket ikke i MVA-registeret innen søknadsfristen*

vert avslegen direkte, det vil seie at søkjarane mottek vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot. Føretaka fyller ikkje grunnvilkåra i § 3 i forskrifta om å vera føretak innan søknadsfristen og vera registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen eller ha hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen.

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan registreringsdato, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:
*"Søknad er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen 20. august 2011 jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3."*

Søknad frå føretak som ikkje var registrert i Meirverdiavgiftsmanntalet innan søknadsfristen, eller som ikkje har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum 20 000 kr i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen, får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:
*"Søknad er avslått fordi føretaket verken var registrert som meirverdiavgiftspliktig innan søknadsfristen 20. august, eller har hatt samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av perioden 1.8.2010-31.7.201 jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3."*

Søknader med feilmelding

650 *Mottatt dato er etter 20.09*

vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:
*"Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. september eller seinare. Det er ikkje innvilgja dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 9 og 10."*

Søknader med feilmelding

*637 Søknaden avslått av kommunen*

får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag dersom dette ikkje allereie er gjort.

Søknader med feilmelding

*639 Søknaden er avvist av kommunen*

får heller ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avvising dersom dette ikkje allereie er gjort.

## 6. Søknader som er stoppa

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må verte vurdert nærare før vedtak blir fatta og utbetaling i tilfelle kan skje. Desse må handsamast vidare manuelt. Lista PT-1003 syner kva søkjarar dette gjeld og kva som er årsak til stopp. Dette gjeld søknader med meldingane:

607 *Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema*
608 *Kontrollskjema er ikke registrert*
609 *Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet*
610 *Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet*
621 *Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse*
645 *Søknaden stoppet av fylkesmannen*
646 *Pålagt kontroll er ikke utført*

Dei aktuelle søkjarane vert sendt eit tilskotsbrev samtidig med hovudutbetalinga der dei vert varsla om at det er tilhøve ved søknaden som må undersøkjast nærare:
"Søknaden om produksjonstilskot pr. 31.07.11 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama."

Slike søknader skal bli vurdert med grunnlag i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket og situasjonen på registreringsdato, 31. juli 2011.

## 7. Trekk i utbetalingar

Føretak kan få trekk i utbetalinga på grunn av motrekning ved manglande betalt skatt o.a., utlegg, eller motrekning ved tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller liknande. Føretaket får dette spesifisert i tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister på FM-sambandet som syner kven dette gjeld. Dersom fylkesmannen skal betale ut tilskot manuelt etter klage eller feil, må sakshandsamaren gjere seg kjend med desse listene på førehand. Der eit føretak har hefte i form av til dømes motrekning og utlegg, skal dette leggjast inn i rutine for manuell utbetaling og effektuerast, jf. rettleiing.

### 7.1 PT880 Gjenståande trekk SLF/skjema

Desse trekka vert automatisk førde over til neste søknadsomgang. Dersom dei skal slettast, skal fylkesmannen gjere dette i trekkrutina i Saturn.

### 7.2 PT883 Innmeldte trekk

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling.

### 7.3 PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attståande trekk av mva/skatt/utlegg. Attståande trekk skal effektuerast i manuelle utbetalingar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi motrekning av skatt o.a. ikkje kan gjerast i framtidige tilskot. Krav kan ikkje oppstå før søknadsfristen, og søknad må vera levert kommunen. Sjå nærare omtale i rundskriv 21/11 kapittel 4.15.

### 7.4 Handsaming av søknad om tilskot for føretak som også har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram

Det vert gjennomført trekk i utbetalingar etter regionale miljøprogram. Føretak med trekk, som har søkt om både produksjonstilskot og regionalt miljøprogram, skal handsamast særskilt av både SLF og fylkesmannen. SLF vil automatisk trekkje i utbetaling av tilskot til regionalt miljøprogram dersom eit føretak har attståande trekk i utbetalinga etter at heile produksjonstilskotet er trekt. Fylkesmannen må vente med å handsama klagesaker og manuelle utbetalingar i produksjonstilskot der det er attståande trekk og det skal utbetalast tilskot etter regionalt miljøprogram, til etter at RMP-tilskotet er utbetalt. Dette er naudsynt for å hindre at desse søkjarane får dobbelt trekk. Det vert ikkje gjennomført trekk i manuelle utbetalingar for regionale miljøprogram.

Dei føretaka som skal ha trekk i tilskot etter regionale miljøprogram, vert lista ut på ei eiga oversikt, RMP-trekk, sjå FM-sambandet. Sjå også rundskriv 37/11 "Utbetaling av tilskudd etter regionale miljøprogram, RMP 2012".

## 8. Utbetalingar etter sentral utbetaling (manuelle utbetalingar)

SLF viser til rundskriv 21/11 der sakshandsamingsrutinane er skildra.

Etter den sentrale utbetalinga, startar arbeidet med manuell handsaming. Kommunen må gå gjennom listene som SLF har produsert ved den sentrale utbetalinga. Liste PT-1003 syner søknader som er stoppa fordi dei inneheld feil som ikkje er retta i løpet av sakshandsaminga. Kommunen må så snart som råd gjere ferdig handsaminga av desse sakene og fatte vedtak. I fall det er feil i utbetalingar som har gått må desse rettast. Dersom søkjaren meiner å ha rett til høgare tilskot enn det som er betalt ut, må vedkommande i samband med ein klage dokumentere at grunnlaget for utbetalinga er feil. Kommunen kan ta opp saker til handsaming etter eige initiativ eller etter klage frå søkjaren, jf. forvaltningslova kap. VI. Dersom kommunen finn grunnlag for ei større utbetaling, skal den fatte eit vedtak som vert sendt søkjaren. I vedtaket skal kommunen grunngje kvifor søkjaren får høgare utbetaling.

Ved manuell handsaming av søknaden er det fylkesmannen som betaler ut tilskotet.

SLF vil i etterkant samanlikne manuelle og maskinelle utrekningar, for å sikre at utbetaling av tilskot skjer i tråd med gjeldande retningslinjer. Dersom kontrollen viser at det er utbetalt for mykje tilskot, skal dette betalast attende jf. forskrift om produksjonstilskot, § 14 og rundskriv 60/7 om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot og erstatning.

### 8.1 Rutine for manuelle utbetalingar

Rutine for manuelle utbetalingar vert etter planen distribuert til fylkesmannen i veke 7. Meir informasjon vert sendt som e-post til fylkesmannen.

### 8.2 Hjelpeutrekning

For å lette arbeidet med å rekne ut korrekt beløp for produksjonstilskot, tilbyr SLF hjelpeutrekning for registrerte søknader. SLF vil på gjevne tidspunkt rekne ut brutto tilskot på grunnlag av registrerte opplysningar oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert for fylkesmannen i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891 som vert lagt på FM-sambandet. Fylkesmannen kan deretter nytte desse for registrering av beløp til utbetaling.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan kl 12.00 dei datoane som er vist i tabellen under. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultata vil normalt vere klare dagen etter.

| **Frist for registrering** | **Resultat klart** |
|---|---|
| Måndag 13.2. | Onsdag 15.2. |
| Måndag 20.2. | Tysdag 21.2. |
| Måndag 27.2. | Tysdag 28.2 |
| Måndag 5.3. | Tysdag 6.3. |
| Måndag 12.3. | Tysdag 13.3. |
| Måndag 19.3. | Tysdag 20.3. |
| Måndag 26.3 | Tysdag 27.3. |
| Måndag 2.4. | Tysdag 3.4 |

## 8.3 Køyring av manuelle utbetalingar

Statens landbruksforvaltning køyrer overføring frå Saturn til bank slik at utbetaling vil skje tysdagar og torsdagar. Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar.

SLF hentar alle registrerte saker **tysdag 10. april**. Alle manuelle utbetalingar bør vere gjennomført før denne datoen. Saker registrert etter denne datoen vert ikkje overført til SLF. Dette kan få konsekvensar for utbetaling av tilskot etter søknad 20.01.2012 p.g.a. eventuell rest av botnfrådrag og reduksjon grunna manglande miljøplan. Fylkesmannen må ta omsyn til dette.

*Merk at data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av fylkesmannen før 10. april, vert ikkje tilgjengelege i LIB, noko som medfører mangelfullt datagrunnlag for oppslag, sakshandsaming og utarbeiding av statistikk.*

Med helsing
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen
seksjonssjef

Lars Jørund Østby
rådgjevar

## Vedlegg til rundskriv 7/12.

## Døme på utreking av arealtilskot – grovfôrareal i fleire soner

*Døme:*

Eit føretak disponerer 500 daa grovfôr, 200 daa (= 40 %) i sone 2 og 300 daa (= 60 %) i sone 5. Arealtilskot vert rekna ut slik:

| | | |
|---|---|---|
| 0-250 daa, sone 2: | 100 daa (= 40 %) à 0 kr/daa | = 0 |
| ” , sone 5: | 150 daa (= 60 %) à 233 kr/daa | = 34 950 kr |
| over 250 daa, sone 2: | 100 daa (= 40 %) à 0 kr/daa | = 0 |
| ” , sone 5: | 150 daa (= 60 %) à 75 kr/daa | = 11 250 kr |
| Arealtilskot i alt | | 46 200 kr |

## Døme på utrekning av areal – grovfôrareal i fleire soner og avkorting av areal

Eit føretak disponerer:
- 300 daa eng og beite (kode 210), 70 daa i sone 5 og 230 daa i sone 2
- 150 daa innmarksbeite (kode 212), 100 daa i sone 5 og 50 daa i sone 2
- 20 mjølkekyr

*1. Avgrensing av innmarksbeiteareal*

67 % av arealet i sone 5 og 33 % i sone 2
Faktor pr. dyr: 7,5 * 0,67 + 7 * 0,33 = 7,3 daa

20 dyr gjev rett på tilskot for 20 * 7,3 = 146 daa:
sone 5: 146 daa * 0,67 = 98 daa, normert med faktor 0,6 = 59 daa
sone 2: 146 daa * 0,33 = 48 daa, normert med faktor 0,6 = 29 daa

1 daa innmarksbeite = 0,6 daa fulldyrka, same faktor i alle soner

*2. Grovfôrareal i alt, etter avgrensing og normering av innmarksbeiteareal*

| | Sone 5 | | Sone 2 | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Areal, daa | Areal i søknad | Normert | Areal i søknad | Normert | SUM normert |
| Grovfôr | 70 | 70 | 230 | 230 | 300 |
| Innmarksbeite | 100 | 59 | 50 | 29 | 88 [7] |
| SUM normert | | 129 | | 259 | 388 |
| I % | | 33 | | 67 | 100 |

Maks. areal pr. mjølkeku: sone 5-verdi * 0,33 + sone 2-verdi * 0,67:

Grovfôr i alt: 15 * 0,33 + 14 * 0,67 = 14,3 daa

For 20 mjølkekyr:

[7] avgrensa og normert

Grovfôr i alt: 14,3 * 20 = 286 daa, areal avgrensast til 286 daa før utmåling av tilskot

Areal vidare fordelt på sone 5 og 2 før utmåling av tilskot:

| Intervall | Sone 5 (33 %) | Sone 2 (67 %) | SUM |
|---|---|---|---|
| 0-250 daa | 82 | 168 | 250 |
| Over 250 daa | 12 | 24 | 36 |
| SUM | 94 | 192 | 286 |